

Prop. 106 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endring i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet (kjøp av flyruter)

*Tilråding fra Samferdselsdepartementet av 26. mars 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Kjøp av flyruter

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen å auka løvinga på kap. 1310, post 70 *Kjøp av innanlandske flyruter*, for 2010 med 26,7 mill. kr etter at resultatet av ein gjennomført anbodskonkurranse for drift av regionale flyruter i Finnmark og Nord-Troms blei dyrare enn rekna med.

Kap. 1310 Flytransport

Staten sikrar eit tilbod av flyrutetenester på regionale lufthamner i Noreg gjennom å gje tilskot til flyrutedrift på ruter der marknaden ikkje sørger for eit tilstrekkeleg tilbod på kommersielle vilkår. Tilskotet blir gjeve som eit kjøp av tenester frå flyselskapet etter anbodskonkurranse i tråd med EØS-regelverk som er implementert i norsk rett gjennom forskrift til luftfartslova. Samferdselsdepartementet pålegg forpliktingar til offentleg tenesteyting på dei aktuelle flyrutene og tildeler kontraktar som gjev enerett til flyrutedrift for tre år av gongen.

Samferdselsdepartementet liste 17.9.2009 ut anbod på drift av desse ruteområda:

Ruteområde 1:

Ruter mellom Kirkenes, Vadsø, Vardø, Båtsfjord, Berlevåg, Mehamn, Honningsvåg, Hammerfest og Alta

Ruteområde 2:

Hasvik – Tromsø v.v., Hasvik – Hammerfest v.v., Sørkjosen – Tromsø v.v.

Ruteområda som er omfatta av anbodet, har flyruter med statleg kjøp i dag. Gjeldande kontraktar går ut 31.3.2010. Samanlikna med dagens flyrutekjøp er det ikkje teke ut eller lagt til nye ruteområde. Krava til rutedrifta er i hovudsak justert i tråd med etterspørsele etter flyruter.

Resultatet av anbodskonkurranse blei klart 26.2.2010. Widerøe's Flyveselskap AS er tildelt begge ruteområda. Kontraktane som er inngått mellom Samferdselsdepartementet og flyselskapet, gjeld frå 1.4.2010.

I Prop. 1 S (2009-2010) blei det opplyst at det var uvisse knytt til kostnadene ved nye kontraktar for flyruter i Finnmark og Nord-Troms. Samanlikna med gjeldande kontraktar fører dei nye kontrakta-

ne til ein samla auke i kompensasjonsbehovet på årsbasis for dei ruteområda som er omfatta, på 43,9 mill. kr. For å kunna dekkja utgiftene til dei nye treårskontraktane for desse ruteområda foreslår Samferdselsdepartementet å auka løyvinga på kap. 1310, post 70 *Kjøp av innanlandske flyruter*, med 26,7 mill. kr i 2010. Ved inngåing av kontraktane med Widerøe er det teke etterhald om at Stortinget vedtek å auka løyvinga.

Samferdselsdepartementet tek sikte på å evaluera ordninga med kjøp av regionale flyruter med sikte på å redusera kostnadane i framtidige anbodsroundar og sikra at anbodsprosessane blir tilpassa dei ordinære budsjettframlegga. Samferdselsdepartementet vil i samband med dette vurdera korleis

ein kan oppnå større konkurranse om anbodsrutene, og effektane av takstredusjonen på rutene i Finnmark og Nord-Troms.

Samferdselsdepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet (kjøp av flyruter).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om endring i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet (kjøp av flyruter) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet (kjøp av flyruter)

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|------------|
| 1310 | | Samferdselsdepartementet: | |
| 70 | | Kjøp av innanlandske flyruter, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1311, post 71</i> , blir auka med frå kr 629 200 000 til kr 655 900 000 | 26 700 000 |

